

# Eit hundeliv og eit blodslit men med spaning og eventyr

Dunmygla kumle med prim og månadsgamal  
myse dagleg kost

Når fiskarane nord for Bergén i gamle dagar, det vil i dette høvet seia frå kring hundreårsskiftet og frametter, skulle etter silda sa dei at dei skulle på sørafiske. Det gjekk føre seg på felta ved Røvær, Karmøy, Skudenes og Bokn, og tok til kring Kyndelsmessleite. Og når so sørafisket var ferdig, bar det på nordafiske til Batalden, Kinn og Bulandet. Det var ikring påsketider.

Det var vel eit liv og ei røre når karane skulle på fiske, endå meir enn no, for både vegn, mat og klede var laga heime. Koner og gjenter sytte for mat og klede, medan karar og gutar laga reiskapen. Til den brukta dei berre hamp, helst russisk i den tidi, og mykje hamp vart spunnen til tråd kring i stovene. Sidan batt dei han til nøter eller garn, men reiskapane vart som oftast tjuke og tunge. Til sist vart vegni barka med bjørkebork.

Konene laga vadmålklede. Det var stoff som tolde ein dyst. Vermde gjorde dei og. So var det vottar, sokkar, leistar og raggar. Raggane rakk midt opp på låri. Sjøstøvlane rakk over knea og var av tjukt ler heilt igjenom. So dei var godt kleddedå dei drog fisketur, men so hadde dei då heller ikkje fine lugarar å sitja i. Garnfiskarane måtte overnatta ute fleire stader sørretter leia. Landnotfolka derimot hadde store hardangerjekter dei budde i. Som oftast var dei to notlag på kvar jekt. Kvart lag var på tolv mann forutan kokk og bas. Lasteevna åt jektene var 400—600 silde-tonner. Drivkrafta var segl.

Dei som skulle med garn, hadde altso som regel ikkje lossement med seg, men budde i andre høgda på sjøhus kringom i fiskeværa. I fyrste høgda salta dei sild.

Mat hadde karane med seg heimanfrå til heile turen. Som oftast varde ein tur frå 4 til 6 veker. Og det var god mat, lefser, havreflatbrød, spikekjøt, bondesmør og kumle eller raspeballar, som nokon kalla dei. Det var runde nysto so store som knyttneven, kokte av grunmjøl og vatn. Dei var ikkje serleg mjuke etter 5-6 veker, og mygla var dei, men etast måtte dei for det. Eg minnest sjølv ein gong karane kom heim frå sørat. Eg opna nistekista, og såg berre eit hav av dun. Men gammalkaren treiv ned i duna og kom oppatt med ei kumle. So turka han muglet av, kløyvde ho i to med kniven, og med smør og prim på toppen gjekk ho glatt ned. Han rapa etterpå, velnøgd.

kroner veka og halv lut. Den som ikkje tok det, fekk heil lut.

Folket som for med landnot, vart ofte kalla nothundar. Kva opphavet til dette utnemnet kan vera, er ikkje so godt å seia, men det vart ofte sagt mann og mann i mellom at den eller hin basen handsama folka sine som hundar. Eg skal freista gje eit døme på det. Mannen som fortalde det, lever enno: Dei låg på Munstrevåg og venta på silda, men so frettet det at dei hadde fått sild på nattset ved Geitungen ved Skudenes. Det var svartestilla, so dei måtte til å ro. Med basen var to mann, so fylgde notbåten med 12 mann, og det bar sørretter. Jekta som dei budde i, låg att, ho hadde berre segl. Karane rodde til dei kom fram. Det tok 18 timar. Vel framme fekk dei seg endeleg litt mat på eit farty som basen kjende, og so bar det nordetter att same vegen, i same stilla. Då hadde dei vore vekke frå lossementet i halvtanna døger, og rott so å seia heile tida. Mannen som fortel, seier at når dei slepte årane, måtte dei ta ein fing om gongen og retta han ut. Ikkje so rart dei vart kalla nothundar . . .

## Sildesyner og sildeslag.

Ved gode landnotvågar låg notkarane og venta på at sildi skulle siga inn, so dei kunne få stengt av vågen. Slike stader var Munstervåg, Smørsund, Grønstadvåg, Trosnavåg, Geitunbogen, Suggeflæ ved Røvær, Bømme havn, Gullholmflæ ved Espevær og Vespestadvåg. Fiskarane den tidi hadde korkje Devold eller andre vitenskaplege konsulentar til å rettleia om sildeinnsiget. Men dei var ikkje heilt hjelpelause dei heller. Om dagane gjekk karane oppe på haugane og såg etter «utsikte», som det heitte. Det kunne vera fuglar som for og flaksa utover sjøen, eller dei såg kval. Synte kvalen seg, vart det eit lurve leven, då skal eg seia at karane kom seg brennsnøgt av haugen!

Var det lenge ruskever og dei gjekk og keia seg, var det mykje rart som vart sagt og fortalt. Soleis går det en-

## Mannskapsordning og utstyr.

Alt utstyr vart teke om bord i båtene dagen før dei skulle reisa. Det var garn, glaskuler, ilar, stein til garn, iletog, kaggar, flytevak og anna tilfang. Sist kom mat, klede, kaffikjel og gryte til å koka graut i — ho var ofte brukt, det var so snøgt å koka ei grautgryte når ein hadde lita tid. Sur mjølk hadde dei med heimanfrå i eit stort hylkje til alle mann.

I kvart båtlag var dei som oftast 4 eller 5 mann etter storleiken på båten. Båtene var hardangerbygde eller listabåtar. Når dei for sørretter eller kom heim att, var dei ofte 5-7 båtar i lag. Eg minnest godt ein vårdag med frisk sønnakuling det kom 7 båtar lensande for fulle segl. Det var eit flott syn — ei frygd for auga.

Dei som reiste med landnot, hadde berre klede å ta med seg. Det var hyrekarar eller halvlutkarar. Det var valfritt å melda seg på som heil- eller halvlutkar. Hyrde ein seg som halvlutmann, fekk ein halv mannslut pluss ein viss sum pengar for veka. I kring hundreårsskiftet var hyra 5

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

no eit ordtak om ein kjend og vyrd notbas: «Vårherre styrer veret, men Truls Byrknes styrer silda».

Når silda kom til lands, var det ikkje fred korkje natt eller dag. Sperrenota — det var den største — vart sett so langt ute at ein so vidt rakk land på bae sider. Men silda var ikkje berga med det. Straum, vind og sjø kunne ofte øydeleggja kastet, og det galdt å få det fram til ein trygg låsplass. Å arbeida sildi fram på låsplassen, tok ofte lang tid, og det trongst dugande og innsiktsfulle menn med lang røynsle til det.

→ Herfra

14564

Når eit storkast (10—15 000 kassar, ein kassa om lag 120 liter) skulle framarbeidast til låsplassen, måtte ein ha mange mindre nøter og mykje folk. Det kunne ofte vera 50—70 notlag om eit einskilt kast, og når ein so veit at det til kvart notlag høyrde 12-14 mann, vart det ikkje so radt lite folk samla. Og so tok sildejaget til. Alle lettåttane (basåttane) låg i line langs sperrenota på innsida. Summe hadde stein i åttane, andre sand, og atter andre bruka skimlene. Når det so bar laus, vart det ei steinkasting, ei skimling og ei banking i åttane med åttar og tofter som ropa av vegen lang lei. Dei som då hadde kommandoen, måtte ropa høgt skulle dei verta lydte. Den som då hadde kraftigaste røysti, var den gjævaste. Når dei hadde fått silde frametter eit stykke, sette dei ny not ut, og soleis heldt dei fram til silde var i lås.

Silde vart seld til ising eller saltin, alt etter marknadstilhøva. Dei interesserte kjøpmennene sende isa-

åttar til låsplassen, og silde vart håva om bord i notåttane og førd til isåttane. Der vart ho lagd i stampar, fyrst på eit halvt mål (70 liter), seinare ein halv hektoliter, og surra i kassar (120 liter) med ei skuffel is i botnen på kassen og ei på toppen. So spikra dei loket på og sette kassa i lasteromet. Soleis heldt dei på til åttane var fullasta. Isåttane gjekk for det meste til England og Tyskland.

Prisane var ofte varierende. Ja, berre på ein fisketur kunne prisane falla frå 15 til 12 kroner målet eller kassen, og heilt ned til 2 kroner kassen. Det var under slike tilhøve nokre skjemtgaukar sette saman ei vise der det heitte mellom anna: «For to kroner kassen vert det brennevin til bassen, til mannskapet vert det slett ingen ting».

#### Garnfisket.

Garnfiskarane hadde det som nemnt svært primitivt ved hundreårsskiftet. Dei måtte bu i land, i sjøhusa, der det ofte var trangt om plassen. Når det var samla 4-5, ja opptil 6 åttlag på kvart loft, kan nokon kvar tenkja seg dei hygieniske tilhøva. Men det var inga onnor løysing.

Karane måtte hala ilar og garn inn over åttaripa på ein rull, garn og sild om ein annan. Det var eit slitsamt og hardt fiske. Når dei so kom til hamns om kvelden, måtte silde leverast, anten på eit sjøhus eller til eit føringsfarty som førde silde til distrikta ikring. Denne silde gjekk som regel til salting.

Etter levering måtte garna greiast til neste dag og åttane reingjerast. Då fyrst var dei ferdige for dagen. Om kvelden var det so til å koka midtidsmat. Var det då mange føre som skulle bruka omnen på bua, vart det seint før den siste kunne få sleppa til, og endå seinare før han kunne krypa til køys.

#### Motoren — revolusjonen i fisket.

Ikring 1910 kom motoren, og skapte storvinning både for garnfiskarane og notfolket. Rett nok var det ein og annan som hadde motor alt kring hundreårsskiftet, men det var so få at det hadde mindre å seia. Motoren revolusjonerte fiskemetodane i åra frametter, ja truleg meir enn radio, økolodd og asdic har gjort det no.

Dei fyrste motorane som kom i ålment bruk her i landet, var danske og svenske. Det var av typane Hein, Gideon, Alfa og Aktiv. Seinare kom dei norske motorfabrikkane med. No vart det fart i drivgarnsfisket. Det kom motorar i lissementa, og notåttane. Garnåttane vart større, so store at folka kunne bu om bord. Vinsjar og linespel vart installerte, motoren gjorde so å seia alt tungarbeidet. Jau, utviklinga har gått med stormsteg, so no er det berre tekniken som rår.

Trass alt, det var eit herleg syn når fiskeflåten for fin bør kom lensande frå det eine fiskeværet til det andre. Ein vart riven med, sjølv om ein berre var ein unglunt som stod trygt på land.

**Karl Teigen**